

A S Lokalavisene Avd Strilen
Eirik Langeland Fjeld
Postboks 3
5902 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/11 - 40 / KTJ

Dato:
04.05.2023

Svar om innsyn - tilgang til politikarportalen i Acos møte

God torsdag!

Me har merka oss saka i Larvik der Statsforvaltaren har fastslått at Østlands-Posten skal ha innsyn i Acos møte.

For dei folkevalde i Austrheim har Acos møte vore veldig lite brukt, det er berre enkeltrepresentantar som brukar dette til å leggja fram vedtaksframlegg. Dei fleste sender heller på e-post til møtesekretæren.

I enkelte tilfelle bestemmer representanten seg for å ikkje fremja vedtaksframlegget, dette vil då ikkje bli vist eller arkivert. Dersom representanten går på talarstolen for å fremja vedtaksframlegget, vil møtesekretæren ta det opp på skjerm, og leggja det inn i Acos møte slik at det følgjer protokollen og blir arkivert.

Om me skal opna innlogging i Acos møte for eksterne, krev det at me leitar opp alle historiske «Unntatt offentlegheit-saker» og merkar kven som skal kunna lesa desse. Ut frå kor mykje tid dette vil ta, og vurdert for risikoen for at me glippar slik at ei «Unntatt offentlegheit-sak» vert liggande ope, har me konkludert med at me ikkje vil opna for ekstern pålogging.

Kommunane er i prosess med overgang til nytt arkivsystem, som også omfattar møteprogrammet. Når den nye løysinga blir sett i drift frå hausten, må me sjå på ei løysing som oppfyller krav til openheit og innsyn. Inntil det vil me stenga (den lite brukte) løysinga for å leggja inn vedtaksframlegg i Acos møte.

Sidan den løysinga de ber om innsyn i, ikkje lenger eksisterer, konkluderer me med at retten til innsyn fell bort.

Med helsing

Ketil Tjore
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Mottakere:

A S Lokalavisene Avd Strilen Postboks 3

5902

ISDALSTØ



